

Purkebolvatnet, Klebakkvatnet, Altersvatnet og Ævatnet i Austrheim kommune



Purkebolvatnet ein augustkveld i 1995. Taktørsumpen sentralt i biletet er Noregs største og viktigaste overnattingsplass for låvesvaler under hausttrekket, med opp mot 12 000 individ samstundes somme kveldar. Dette våtmarkskomplekset har uvanleg høg produksjon av insekt, og difor er det viktig for låvesvalene. Låvesvala er ein av svært mange fugleartar som for tida har sterkt negativ bestandsutvikling, og den økologiske verdien av Purkebolvatnet har dermed auka. Delar av skogen med sitkagran har blitt fjerna av grunneigarane etter at dette biletet vart teke, men det står mykje sitkagran att andre stader i kandidatområdet, som bør fjernast av naturfaglege grunnar. Foto: Ingvar Grastveit.

